
Fra: Jarle Fanebust <jarl-fa@online.no>
Sendt: 24. august 2017 07:11
Til: Postmottak Lindås
Emne: Innspel Langøy-Ospeneset akvakultur-område

Fensfjorden har etter kvart vorte eit svært belasta fjordområde. Her er ulike utslepp frå Mongstad, frå Mongstad Sør, frå tankbåtar og riggar, frå industriverksemdene i Sløvågen, frå kloakk frå byggjefelt, og no siste åra ei aukande oppdrettsnæring, i sjølve Fensfjorden og tilgrensande fjordarmar.

Eg, og fleire med meg, har dei siste førti åra opplevd at fjordmiljøet, både over og under havflata, har vorte svært forringa. Dette har skjedd litt etter litt. No vil ein, på svært kort tid, innføra ny reguleringsplan.

På folkemøte i Lindåshallen 16.8 i år kom det fram at planen hasta noko, for Eide Fjordbruk ville setja ut fisk i nye merdar allereie i haust.

På same møte vart det opplyst at kommunen (kommunane) om kort tid vil setja i gang ei fullstendig kartlegging av belastinga på Fensfjorden.

Difor finn eg grunngevinga frå Lindås kommune merkeleg. Eg synest ikkje at Eide fjordbruk sitt ønskje om eit slikt kortsiktig haste-utsett er tilstrekkeleg tungtvegande argument for ein så raskt gjennomført reguleringsplan. Ein slik plan skal femna betydeleg vidare.

Det vil vera ei fornuftig behandling ut frå «føre-var-prinsippet». Me har sett korleis det t.d. har gått i fjordområda ved Osterøy og i Masfjorden, at ein i etterkant har sett at belastinga har vorte for stor.

Fensfjorden er rett nok lengre og djupare, men dei mange ulike utsleppa og tiltaka her har monaleg større omfang enn i dei fleste andre fjordar, og difor meiner eg ein bør ha, bokstavleg talt, djupare og lengre perspektiv, og venta med ein kjapp reguleringsplan til ein har fått ei samla utgreiing og kartlegging av den totale tilstanden i fjorden vår.

Fanebust, 24.8.17
Helsing Jarle Fanebust